



RØLDAL FJELLSTYRE

ÅRSMELDING 2021



Figur 1: Renovering av Ninive (Foto: Olav Hagen)

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolidal@fjellstyrene.no Sekretær: n/a - epost: rolidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Innhald

2. Røldal fjellstyre	3
3. Hytter og stølar	4
Hytter:	4
Stølar	5
4. Villreinjakt	6
Setesdal-Ryfylke (SE 146-6)	6
Hardangervidda (HA280).....	6
5. Småviltjakt.....	7
6. Fiske	8
7. Tenestekjøp	10
8. Ymse	11



Figur 2: Frå Dyrs-karnuten mot Stavsnuten (Foto: THH Tjemsland)

1. Røldal statsallmenning

Røldal statsallmenning ligg i Ullensvang kommune i Vestland fylke og er omlag 330 000 dekar høgfjell. Delar av allmenningen ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark. Noko av allmenningen ligg syd for E-134 over Haukeli. Mykje av allmenninga ligg langt frå allfarveg. Fjellstyret har 4 hytter som ålmenta kan nytte og 3 stølar. Stølane vert utleigd saman med beite og bidreg til eit aktivt støsliv i fjellet.

2. Røldal fjellstyre

Fjellstyret for perioden 2019 – 2023 har følgjande samansetjing:

Leiar:	Tor Helge Haara Tjemsland	- vara: Svein Myrheim
Nestleiar:	Håkon Småbrekke	- vara: Heine Eikemo
Styremedlem:	Randi T. Legård	- vara: Britt B. Solbakken
Styremedlem:	Anne Marie G. Rabba	- vara: Kati Must Nybø
Styremedlem:	Andre Botnen	- vara: Jan Øvregård

Sekretærarbeidet vart utført av Sveinung H. Olsnes/Harald N. Andersen fram til 30.09.21. Etter dette overtok Tor Helge ansvaret ut året.

Fjellstyret har hatt 10 styremøte i 2021 og handsama 60 saker. Fjellstyreinformasjon ligg på heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). All småviltjakt og hovuddelen av alle fiskekort vart i 2021 seld på Inatur.no. Reinsjakta til innanbygds vart seld via fjellstyre, medan reinsjakta til utanbygds vart seld på Inatur.no.

Røldal fjellstyre har følgjande samarbeidspartar:

- Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH)
 - Seks fjellstyre er med her:
 - Røldal fjellstyre
 - Ullensvang fjellstyre
 - Ulvik fjellstyre
 - Eidfjord fjellstyre
 - Øvre Numedal fjellstyre
 - Rauland fjellstyre.
 - I tillegg er Hardangervidda Grunneigarsamskipnad med med ein liten eigarandel.
- Noregs Fjellstyresamband (NFS)
 - Alle dei 94 fjellstyra i Norge er med i NFS.

3. Hytter og stolar

Hyttene kan nyttast av bygdefolk heile året. Hyttene er utstyrt omlag som ei turisthytte.

Hytteleige:

- Overnatting per døgn:
 - Innanbygds: kr. 100,-
 - Utanbygds: kr. 200,-
 - Studentar: kr. 50,-
 - Under 16 år: Gratis

Oppbevaringsboks: kr. 250,- per år

Hytteleige og bokseleiga betalast på bankgiro eller Vipps.

Fjellstyret har avtale med Røldal Røde Kors, som køyrer inn ved og gass på snøføre og hentar søppel.

Hytter:

Ninive - 1202 m.o.h

Hytta ligg ved Holmavatnet ved stien som går til Litlos. Den er omlag 30 m² og har 6 senger.

Hytta har i løpet av 2021 vorte totalrenovert utvendig. Bislaget vart revet og bygd opp att, hytta vart isolert og både kledning, tak og vindauger vart bytta. Ein fekk også installert nytt solcellepanel. Det vart lagt nytt golvbelegg i stova og på kjøkkenet, men det gjenstår framleis ein del arbeid inni hytta.

Riving og klarlegging av hytta vart gjennomført på dugnad, samt grunnarbeidet til bislaget. Sjølv oppbyggingane vart utført av tømrar Olav Hagen.



Figur 3: Ninive ferdig renovert utvendig (Foto: THH Tjemsland)

Eriksbu - 1167 m.o.h

Eriksbu finn me ved Nedste Hedlevatn like sør for Sandvikenuten. Den er omlag 35 m² og har 12 senger.

Det vart i 2021 gjort ein dugnadsinnsats for å bytta til ny inngongsdør.

Gamlebua - 1167 m.o.h

Hytta finn me i vestenden av Øvste Hedlevatn, like nord for turisthytta. Den er omlag 25 m² og har 6 senger.

Hytta fekk i 2021 nye madrasser i alle senger og det vart snikkert ny treterrasse føre inngongen. På dugnad vart det gjennomført ein skikkeleg nedvask. I tillegg fekk også både skuten og hytta seg eit sårt tiltrengt strøk måling.



Figur 4: Nymåla versjon av Gamlabua (Foto: A. Botnen)

Ulevåbotnen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved vestenden av Ulevåvatnet. Der er fjøs, sel og vedaskut.

Noverande fjellstyre vurderar framtidige løysingar for hytta. Som ei midlertidig løysing har difor hytta dette året vorte utlånt vederlagsfritt mot at eldhuset vart sikra og vedaskut riven.

Stølar

Ståvassvika, Midtfjellsvollen og Hadlene har 10-årskontraktar for å tilfredsstilla krav for å kunna oppretta beitelag.

Ståvassvika - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ståvatnet på Haukeli søraust for foten av Sveigen. Der er fjøs, sel og vedaskut. I mange år har eigedommen vore nytta til sauebeite.

Det vart i 2021 utført eit sikringsarbeid av grunnmuren og pilarane som hytta står på.

Midtfjellsvollen - 976 m.o.h

Stølen ligg ved Ulevåvatnet på Haukeli. Det er plass til meir enn 100 geiter. Drift med geit kvar sommar.

Nupshadlene - 976 m.o.h

Ein modernisert støl med stort fjøs og kokeanlegg for ost ved Ulevåvatnet. Gammalt sel, vedaskut og aggregathus, samt ei lita hytte. Drift med geit kvar sommar.

4. Villreinjakt

Setesdal-Ryfylke (SE 146-6)

Jakttida var frå 20. august til og med 30. september.

CWD-situasjonen på Hardangervidda medførte at myndigheitene innførte tiltak for å forhindre reinsdyra å nytte store delar av Røldal Statsallmenning nær E-134. Forvaltninga hadde også eit ynskje om å redusere bukkeandelen i stamma, og det vart tildelt unormalt mange valfrie dyr.

Ei samla vurdering ut frå dette, gjorde at fjellstyret vedtok å selje fellingsløyver til eit avgrensa antal innanbygdsbuande. Alle fellingsløyva vart fordelt i sju forskjellige «kortpakkar», som vidare vart seld til sju jegerar.

Tildelt:

12 valfrie, 5 simler og 12 kalvar.

Pris på fellingsløyver:

	Antal pakkar	Valfri	Simle	Kalv	Pris
Pakke 1:	3	2	1	2	kr 3 500
Pakke 2:	1	2	0	3	kr 3 500
Pakke 3:	3	1	1	2	kr 2 500

Det vart ikkje felt reinsdyr på syd (SE146-6) i 2021.

Hardangervidda (HA280)

Jakttida var frå 10. august til og med 07. oktober.

CWD-tiltaka langs E-134 vart vurdert til å øydelege store jaktområdet på Røldal Statsallmenning. Det vart difor vedtatt å setje eit tak på 80 jegerar på Røldal Statsallmenning. Det vart også bestemt å ikkje selje til fleire enn 20 utanbygdsjegerar gjennom Inatur.

Fjellstyret hadde samjakt med HA290 gjennom heile jakta. Det vart frå 6. september opna for ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang SA, før det den 21. september vart opna for samjakt mellom Røldal, Ullensvang, Eidfjord og Øvre Numedal Statsallmenning.

Då fjellstyret fekk tildelt eit unormalt høgt antal fellingsløyver, vart det vedtatt å selje desse i pakkar til jegerane. Ein pakke innehaldd to fellingsløyver på bukk og to fellingsløyver på fritt dyr.

Tildelt:

165 bukkar og 164 frie dyr. Fellingsløyver på bukk vart omgjort til fritt dyr etter 06. september. Det vart i tillegg delt ut ein kalv på alle fellingsløyver.

Prisar på fellingsløyve for rein i 2021:

Innanbygdspakke: kr 3 500
Utanbygdspakke: kr 7 000
Fyrstegongsjeger: gratis

Oversikt felte dyr i 2021 på Hardangervidda villreinområde på løyvene tildelt HA280:

	Kalv	1 1/2 år	2 1/2 år og eldre	Sum
Hanndyr	7	4	29	40
Hodyr	3	4	39	46
Sum	10	8	68	86

Inntekt:

**Det vart i 2021 ei samla inntekt frå sal av fellingsløyver på reinsdyr på kr 367 000.
Ein hadde i tillegg ei inntekt på kr 6 000 i samband med overgongsavtalane.**

5. Småviltjakt

1. Det opnast opp for rjupejakt fom 1 oktober 2021 t.o.m. 28 februar 2021
2. Det opnast ikkje opp for jakt på hare
3. Det kan skytast 2 ryper pr dag pr jeger. Ikkje høve til å samle opp frå dag til dag.
4. Det opprettast egne ungdomskort for jegerar mellom 16-20 år, dette løysast ved å legge rabatt tilsvarende halv pris på årskort og dagskort.
5. Det skal vere tilbod om eit gratis dagskort til dei som har teke jegerprøva inneverande år.
6. Det skal vere ei tilnærma 60/40 fordeling av kort i favør innanbygds.
7. Ein skal prøve å avgrense talet på jegerar til maks 40 pr dag gjennom året. Tildeling av korttyper skal gjerast på ein slik måte at ein oppnår dette.
8. Det opnast for jakt på Kanadagås i jakttida for denne og denne kan jaktast både på smårovviltkortet og småviltkortet.

Den gyldige jaktperioden til smårovviltkort vart redusert til å gjelde frå 01. mars t.o.m. 31. august.

Prisar for småviltjakt på Røldal SA

Dagskort: 250,-
Vekeskort: 1 400,-
Sesong: 2 000,-
Smårovviltkort: 50,-

Det er halv pris for ungdomskort, samt halv pris for innanbygds.

Korttyper og varigheit:	Innanbygds	Utanbygds
Alle:		
Sesongkort 01.10-28.02	10	15
Vekekort, periode 1-01.10-07.10	10	10
Vekekort, periode 2-08.10-14.10	10	10
Dagskort fom 15.10 tom 28.02	10	10

Inntekt:

Det vart i 2021 ei samla inntekt frå sal av småviltkort på kr 116 715.

Sal småviltkort 2021			
		Totalt kjøpt	Begrensing
Innanbygds	Sesong	11	15
	Veke	2	20
	Dag	10	10 per dag
	Smårovvilt	0	n/a
Utanbygds	Sesong	10	10
	Veke	20	20
	Dag	221	10 per dag
	Smårovvilt	2	n/a
Totalt sal:		276	

6. Fiske

Fjellstyret fekk i 2021 avslag frå Statsforvaltaren i Rogaland om utsetjing av fisk i reguleringsmagasina i Røldal Statsallmenning. Vidare fekk ein også avslag frå Statsforvaltaren i Vestland på søknad om utsetting av fisk i Steggjavotnane.

Signala frå Statsforvaltaren i Vestland var tydelege på at det ikkje vil verte gjeve løyve til fiskeutsetting i nasjonalparken før ein driftsplan for fiske er utarbeida. Fjellstyret starta difor arbeidet med å utarbeide dette dokumentet i løpet av sommaren 2021.

Det vart gjennomført prøvefiske i Søre og Nordre Steggjavotna, samt i Holmavatnet. Resultata frå prøvefisket visa ingen indikasjonar på at det er naturleg reproduksjon i desse vatna.

Fjellstyret fekk løyve til fiskeutsetting i Dumpetjørnande, og sat ut 220 sjølvfanga fisk i desse.

Prisar:

Garnfiske – berre for innanbygds (Gjev og rett til stongfiske)

Sesong: kr 500

Familiekort: kr 750

Ungdom: kr 250

Garnfiske – utanbygds (gjeld berre i Votna. Gjev og rett til stongfiske.)

Døgnkort: kr 200

Stong

1 døger kr. 100,-

3 døger kr. 250,-

Veke kr. 350,-

Sesong kr. 700,-



Figur 5: Aurefisk på flyttefot (Foto: THH Tjemsland)

Røldal statsallmenning har felles fiskekortordning med Ulvik, Ullensvang og Eidfjord statsallmenning på Hardangervidda.

Fellesfiskekort

Veke 500,-

Sesong 1000,-

Inntekt:

Det vart i 2021 ei samla inntekt frå sal av fiskekort på kr 62 066.

7. Tenestekjøp

Tjenestekjøp Røldal fjellstyre, 2021

1. Refusjonsberettiga arbeid		Time- verk	Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
OPPSYN, info, veiledning, kontroll og tilsyn-feltarbeid:					
Fiske:	10				
Småviltjakt:					
Anna:	1				
* Villreinjakt:	33,0				
			480	44,0	21120
SKJØTSEL, ikkje inntektsgjevande- feltarbeid:					
Fiskekulturarbeid:					
Transport: (inkl. kjøring til møter)	10,5				
Tilsyn-hytter:	4,5				
Reperasjon/vedlikehald av hytter:	12,5				
Renovasjonsarb.:					
Synfaringar og anna:	4		480	31,5	15120
FAGLEG saksbehandling- kontorarbeid:					
	70		348	70,0	24360
ANNA, refusjonsberettiga- kontorarbeid:					
* Villreinjakt s:	6				
** HF drift	47,4		348	53,4	18583
Andre kostnader:					
			SUM		79183

2. Ikkje refusjonsberettiga arbeid		Timepris Kr	Timeverk	Forbruk-Kr
Sal av jakt og fiskekort m.m:	1	622	1,0	622,00

Kostnad for fjellstyret: (inkl. mva) **kr 79 805**

* Kostnader i samband med villreinjakttoppsynet er fordelt etter areal mellom fjellstyra

** Timverk HF drift er fordelt etter fjellstyret sitt timetal i høve til samla tenestekjøp hjå alle fjellstyra (refusjonsberettiga timar).

8. Ymse

Røldalsmarknaden

Røldalsmarknaden vart ikkje avvikla i år pga koronapandemien.

Rekrutteringstiltak

Fjellstyret inngjekk eit samarbeid med Røldal Skule om gjennomføringa av eit rekrutteringstiltak bygd opp rundt viltforedling. Avtalen bidrog til at skulen bestemte seg for å tilby valfaget *Kulturarv* skuleåret 2021/2022. Til gjennomføring av dette prosjektet vart fjellstyret tildelt kr 12 000 av Norges Fjellstyresamband/Miljødirektoratet. Desse midlane brukte fjellstyret til å kjøpe inn reinskjøt og utstyr til pylseproduksjon. No når skulen har fått utstyret, håpar fjellstyret at dette skal verte eit fast tilbod for elevane i åra som kjem.

Fjellstyret takkar NFS/MD for tildelinga.

Støtte

Røldal Fjellstyre søkte økonomisk støtte til renoveringsarbeidet som vart gjennomført på Ninive. Fjellstyret mottok til dette støtte på kr 38 000 frå Ildsjelfondet (Sparebankstiftelsen Sparebanken Vest) og kr 10 000 frå «den kulturelle spaserstokken» (Ullensvang kommune). Fjellstyret vart også tildelt kr 94 000 frå Grunneigarfondet (Statskog), men fekk ikkje desse utbetalt i 2021. Fjellstyret fekk også vederlagsfritt transportløyve av Røldal Grunneigarlag, og gratis parkering av Røldal Bygdateneste.

Fjellstyret takkar for tildelingane, og ser no fram til å tilby brukarane ei flott hytte.


Allmennyttige føremål

Røldal Fjellstyre har i 2021 støtta Bergshagen Vel med kr 14 000 til ferdigstilling av leikeplass i Buhagane.

Dugnad

Fjellstyret må til slutt nytta høvet til å takke alle for den enorme dugnadsinnsatsen lagt ned i 2021.

Røldal februar 2022



Tor Helge H. Tjemsland
Leiar